

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Jarle Lunde	K2 - S05	16/1017

Saksnr	Utval	Type	Dato
018/18	Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet)	PS	16.01.2018
011/18	Formannskapet	PS	17.01.2018
005/18	Kommunestyret	PS	30.01.2018

REVISJON AV KONSESJONSVILKÅR - ULLA - FØRRE

Innstilling frå Formannskapet - 17.01.2018 - 011/18

Suldal kommune godkjenner at vedlagde «Revisjonskrav for Ulla Førre» blir oversendt NVE slik det ligg føre.

Rådmannen

si

innstilling

Suldal kommune godkjenner at vedlagde «Revisjonskrav for Ulla Førre» blir oversendt NVE slik det ligg

føre.

Sand, 21.02.2018

Øyvind Valen
rådmann

Dokumentliste:**Vedlegg:**

Ulla-Forre revisjonskrav

Saksopplysningar:**Samandrag**

Det blei gitt konsesjon for Ulla Førre utbygginga i 1974, og konsesjonen kan reviserast i 2022. Administrasjonen i Hjelmeland, Bykle og Suldal kommunar har utarbeidd eit forslag til revisjonskrav.

Dette dokumentet blir nå lagt fram til politisk handsaming.

Fakta

Det blei gitt konsesjon for Ulla Førre utbygginga i 1974. Etter regelverket for vassdragskonsesjonar kan det nå opnast for revisjon av miljøvilkåra til konsesjonen i 2022. Hjelmeland, Bykle og Suldal kommunar har sett i gong eit samarbeid for å fremja eit felles krav om revisjon. Administrasjonen i dei tre kommunane har saman utarbeidd eit forslag til krav. Dette dokumentet blir nå lagt fram for kommunestyra for godkjenning før kravet blir oversendt NVE.

Arbeidet med å utarbeida kravet starta med at kommunane ba om innspel blant anna frå grunneigarar, lag og organisasjonar. Desse innspela har danna ein del av grunnlaget for kravet. I tillegg har ein lagt til grunn Vannforvaltningsplan for Rogaland vannregion, innspel frå Rogaland fylkeskommune og Fylkesmannen i Rogaland.

Saksbehandlarane har også vore i kontakt med NVE, og har hatt dialog med Statkraft som er regulant. Lund & Co., som er sekretariat for LVK, har også vore støttespelarar i arbeidet.

Arbeidet med utarbeiding av revisjonskravet er delt mellom saksbehandlarane i dei tre kommunane, medan Suldal kommune har hatt samordningsansvaret.

Lover, føresegner, rundskriv

Vassdragsreguleringslova § 10 post 3, om revisjon av vilkår
Vannforskrifta (Forskrift 15.12.2006 nr. 1446) og Vannforvaltningsplan for Rogaland, godkjent 4. juli i 2016, KMD.

Vurdering og konklusjonKva kan reviderast?

Det er konsesjonsvilkåra som er gjenstand for revisjon. Vilkåra skal kunna justerast slik at produksjonen kan fortsetja på ein meir miljøvenleg måte. Lågaste og høgaste regulerte vannstand i magasina er ein del av sjølve konsesjonen, og ikkje eit vilkår. Desse står difor fast, medan

revisjonen kan fastsetja begrensingar i korleis ein manøvrerar mellom desse ulike vannstandane. Aktuelle vilkår for revisjon kan vera krav om minstevassføring, krav til fylling og tapping av magasin (eks. sommarvannstand), tersklar/vannspeil, biotopjusterande tiltak, tilrettelegging for ferdsel og friluftsliv langs vassdraget med meir.

Det er forholdet til dei ålmenne interessene som er regulert i konsesjonen, og som er gjenstand for revisjon. Privatrettslege forhold ovanfor grunneigarar og andre rettshavarar er ikkje ein del av revisjonssaka.

Kva må kravet innehalda?

Kravet om revisjon må grunnjevast. Grunngevinga må innehalda ei utgreiing av skadar og ulemper som må avbøtast. Kva som ikkje fungerer ved reguleringa og kvifor det ikkje fungerer. Kravet kan også innehalda forslag til tiltak og endringar i reguleringskonsesjonen. Kravdokumentet blir seinare grunnlag for konsesjonæren sitt revisjonsdokument, og ein bør difor ta opp alle aktuelle tiltak og forhold som ein ønskjer at skal bli behandla i revisjonen.

Kort om revisjonskravet

Det er gjort greie for kvifor kommunane meiner at revisjon av Ulla-Førre konsesjonen bør prioriterast:

- Ulla og Førre-åna er har høgast prioritet for revisjon i «Regional plan for vannforvaltning i vannregion Rogaland 2016 – 2021».
- Norge har eit spesielt ansvar for vern av atlantisk laks. Reguleringa påverkar fire laksevassdrag. Dette er Suldalsvssdraget, Ulla, Førreåna og Årdalsvassdraget. Suldalslågen er nasjonalt laksevassdrag.
- Villreinen sine leveområde skal sikrast. Ryfylkeheiane er det villreinområde i landet som har størst belastning av kraftutbygging. Områda har status som nasjonalt villreinområde. Ein revisjon kan betra forholda for villreinen.
- Blåfjell pumpe fekk konsesjon i 2013. Føreslåtte avbøtande tiltak for villreintrekk blei ikkje tatt med i tatt med i konsesjonen, då NVE og departementet viste til at tiltaket hørde til tidlegare utbyggingar og difor hørde heime i ei komande revisjonssak.

I nyare tid har ein forska seg fram til løysingar for korleis vasskraftproduksjon og omsyn til natur betre kan gå hand i hand. Det blir kalla miljødesign. Dette er ein metode for å ta vare på dyr og natur samstundes som ein produserar lønnsam fornybar energi. Difor er det i stor grad foreslått å krevja ei miljøtilpassa vassføring, og biotopforbetrande tiltak i vassdraga, framfor konkrete krav til minstevassføring.

Fordi det generelt er manglar i kunnskapsgrunnlaget er det eit sentralt krav at ein innhentar meir kunnskap, for så å fastslå kva som vil vera dei beste tiltaka, både i forhold til biotopforbetrande tiltak og vassføring.

Det blir også vist til at det er relevant å vurdere opprusting og utviding (O/U) av eksisterande vasskraftprosjekt i samband med revisjon.

I kravdokumentet har ein gått vist til problem/utfordringar og krav/forslag til tiltak for ein skilde vassdrag og område, og bestemte tema som villrein og kulturminne.

I innleiinga er kravet oppsummert slik:

Bykle-, Hjelmeland- og Suldal kommune krev at det blir opna revisjonssak for fastsetting av nye vilkår i Ulla-Førre. Formålet er å betre miljøforholda. Standard naturforvaltningsvilkår må tas inn i konsesjonen, og den må tilpassast ny kunnskap om natur og vassmiljø, samt endringar i samfunnsutviklinga.

Eventuelle opprusting og utvidingsprosjekt må sjåast i samanheng med revisjonen.

Revisjon må opnast i nåverande planperiode etter vassforskrifta, slik at nye vilkår kan tre i kraft i 2022.

Konklusjon:

Rådmannen tilrår at revisjonskravet som er utarbeidd av adminstrasjonen i dei tre kommunane, blir oversendt NVE slik det ligg føre.

Utval for landbruk, miljø og teknikk (LMT-utvalet) - 018/18

LMT - handsaming:

Jarle Lunde orienterte. Revisjonskravet er utarbeida av Suldal, Bykle og Hjelmeland kommunar.

Røysterresultat:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstillinga.

LMT: vedtak

Suldal kommune godkjenner at vedlagde «Revisjonskrav for Ulla Førre» blir oversendt NVE slik det ligg føre.

Formannskapet - 011/18

F - handsaming:

Orientering om avtale mellom Suldal kommune, Odda kommune, og Hydro Energi når det gjeld revisjon av Røldal-Suldal anlegget ved rådmann.

Røysterresultat:

Samrøystes vedtak i samsvar med innstilling.

F: vedtak

Suldal kommune godkjenner at vedlagde «Revisjonskrav for Ulla Førre» blir oversendt NVE slik det ligg føre.

Kommunestyret - 005/18

K - handsaming:

Følgjande punkt på side 19 går ut:

Båttutsett Hylen

Båttutsett i Hylen ligg like ved utslippstunnel. Pga vasstrøm har denne vore vanskeleg å nytte, og pga tryggleik har utsettet dei siste åra vore stengd for allmenn bruk.

Krav

Hylsfjorden bør vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må få på plass eit nytt og betre båttutsett. Dette blir erstatta med følgjande punkt:

Problem med straum i Hylen

Ved utslippstunnelen i Hylen er det sterk straum når kraftverket er i drift. Dette skaper problem.

1. Båttutsett som ligg like ved utløpstunnel har vore vanskeleg å nytte, og pga tryggleik har det dei siste åra vore stengd for allmenn bruk. Dette avgrensar bruken av fjorden. Ein må få på plass eit nytt og betre båttutsett.
2. Kaianlegget blir ikkje nytta. Med mindre straum ville det kunne vore attraktivt både for mindre båttar/fritidsbåttar å legge til kai og ikkje minst å kunne nytte kaien i næring.
3. Sig i grunnen tyder på at straumen eroderer. Dette kan på sikt skape problem for fleire bygningar.

Krav

Hylsfjorden må vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må vurdere korleis ein kan løyse problema og gjennomføre tiltak.

Forslag fremma av Nils Bjarne Vold, V.

Røysting:

Forslaget frå Nils Bjarne Vold, V, vert tatt opp til røysting.

Røysteresultat:

Samrøystes i samsvar med forslaget

Innstillinga frå formannskapet med endringsforslag frå V vert tatt opp til røysting

Røysteresultat:

Samrøystes i samsvar med innstillinga frå formannskapet med tillegg av vedtatt endringsforslag frå V

K: vedtak

Suldal kommune godkjenner at vedlagde «Revisjonskrav for Ulla Førre» blir oversendt NVE slik det ligg føre, med følgjande endring:

Følgjande punkt på side 19 går ut:

Båttutsett Hylen

Båttutsett i Hylen ligg like ved utslippstunnel. Pga vasstrøm har denne vore vanskeleg å nytte, og

pga tryggleik har utsett dei siste åra vore stengd for allmenn bruk.

Krav

Hylsfjorden bør vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må få på plass eit nytt og betre båtutsett.

Dette blir erstatta med følgjande punkt:

Problem med straum i Hylen

Ved utsleppstunnelen i Hylen er det sterk straum når kraftverket er i drift. Dette skaper problem.

1. Båtutsett som ligg like ved utløpstunnel har vore vanskeleg å nytte, og pga tryggleik har det dei siste åra vore stengd for allmenn bruk. Dette avgrensar bruken av fjorden. Ein må få på plass eit nytt og betre båtutsett.
2. Kaianlegget blir ikkje nytta. Med mindre straum ville det kunne vore attraktivt både for mindre båtar/fritidsbåtar å legge til kai og ikkje minst å kunne nytte kaien i næring.
3. Sig i grunnen tyder på at straumen eroderer. Dette kan på sikt skape problem for fleire bygningar.

Krav

Hylsfjorden må vere betre tilgjengeleg enn i dag. Ein må vurdere korleis ein kan løyse problema og gjennomføre tiltak.